



Helse Møre og Romsdal HF

Dato: 12. oktober 2016

Konseptrapport Sjukehuset Nordmøre og Romsdal – Høyringsvar frå styret i Mental Helse Møre og Romsdal

Styret i Mental Helse Møre og Romsdal er glade for at Helse Møre og Romsdal HF inviterer til samspel i arbeidet med å utforme tilbodet i Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR). I høyringsvaret har styret vektlagt den delen som omfattar psykiatri psykisk helsevern og rus. Då psykisk helsevern står framfor store utfordringar, er det svært viktig at samhandlinga og samarbeidet mellom spesialist- og kommunehelsetenesta blir styrka slik at overgangane og oppfølginga blir minst mogeleg sårbar for pasienten. Det må utviklast ein kultur der pasienten opplever ei heilskapleg og koordinert teneste uavhengig av tenestenivået. For pasienten er tida etter utskrivninga frå spesialisthelsetenesta svært sårbar og for mange kan det bli re-innlegging då den utskrivne ofte må vente i lang tid på oppfølging.

Styret seier seg glad for det som står i 6.1.3 Psykisk helsevern og 6.1.4 Rus og avhengighet i «Hovedfunksjonsprogram Sjukehuset Nordmøre og Romsdal» Versjon 02. Vi håper at desse planane blir realisert.

Ein må vere svært restriktiv med å redusere arealet når det gjeld tilbodet innan psykisk helsevern fordi:

- Psykisk helsevern står framfor store utfordringar, t.d. fleire unge har behov for hjelp, innvandrarar – mange med traumer og aldrande befolkning.
- Innan psykisk helsevern er behovet for å dempe institusjonspreget større enn i somatikken.
- Pasienter kan bli liggande på rom som ikkje er funksjonelle.
- Det er viktig med god praktisk tilrettelegging for at pasienten skal oppretthalde daglege gjeremål og oppleve meistring.
- Arealet bør ikkje bli så knapt at det stenger for mogelegheiter for fleksibilitet ved eventuell endring i drifta.
- Pårørande må kunne vere til stades under behandlingsopphaldet.

Vi ser det også som viktig å legge til rette for gode fysiske arbeidstilhøve då det kan bidra til gode arbeidsforhold med mindre stress slik at det kan medvirke til stabilt personale.

Det bør arbeidast vidare med medikamentfrie tilbod som bør utvidast til å gjelde fleire diagnosegrupper.

Styret i Mental Helse Møre og Romsdal vurderer arbeidet som er gjort som godt, og håper gjennomføringa kan skje etter planen og at det nye sjukehuset på Hjelset og DMS i Kristiansund blir realisert.

Med vennlig hilsen

for styret i Mental Helse Møre og Romsdal

Leder Laila Helene Langerud